



Trolltinden advokater

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1825 - 14/11014

Saksbehandlar:

Arnold Matre

Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:

07.05.2014

Avvisning av klage i høve gnr 214 bnr 64 i Lindås kommune. Melding om vedtak.

Det vert vist til Dykkar brev til Lindås kommune 19. mars 2014, der Lindås kommune si avgjerd i brev av 7. mars 2014 om ikkje å revidere/endre arealdelen i kommuneplanen, vert påklaga.

Bakgrunn

Oppstart av arbeid med arealdelen til kommuneplan for Lindås kommune 2011-2023, vart kunngjort 15. november 2008. Framlegg til revidert plan låg ute til 1. gangs høyring i perioden 7. januar 2011 – 4. mars 2011 og 2. gangs høring i perioden 8. juni 2011 – 20. juli 2011. Det var då høve for alle partar og interesserte å koma med merknader og innspel til planarbeidet.

Arealdelen til kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret den 22. september 2011.

I planen er delar av eigedomen gbnr 214/64 sett av til LNF-område.

I brev av 21. februar 2014 set klagar fram krav om at Lindås kommune omregulerer angjeldende deler av eigedomen tilbake til bustadføremål.

Kommunen tilbakemeldte i brev av 7. mars 2014, at det ikkje er aktuelt for kommunen å vurderer endring i arealdelen før revisjon av kommuneplanen i 2016, jf kommunen sin vedtekne planstrategi. Det vart vidare informert om klager sitt høve til å søkja oppstart av privat reguleringsplanarbeid.

Kommunen sin beslutning vert påklaga i brev av 7. mars 2014, mottatt ved Lindås kommune den 21. mars 2014.

Vurdering/grunngeving

For den einskilde eigar vil ein arealdelplan kunne få same verknad som ein reguleringsplan og difor vera eit einskildvedtak som vil kunne påklagast.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det er likevel slik at arealdelen omfattar heile kommunen og det er difor ikkje praktisk mogeleg å handtera ei klageordning, sjå Ot.prp.nr. 56 (1984-85) s. 116.

Det følgde av tidlegare pbl-1985 paragraf 20-5 niande ledd, etter lovendringa i 1993, at kommunestyret sitt vedtak om å eigengodkjenna arealdelsplan, ikkje kunne påklagast, sjå Ot.prp. nr. 59 (1992-93) s. 86. Ordninga er vidareført i den nye lova der det føl av plan- og bygningslova sin paragraf 11-15 siste punktum, at kommunestyret sitt vedtak om arealdel i kommuneplanen, ikkje kan påklagast.

Ei avskjæring av klageadgangen er ikkje vurdert som eit rettsikkerhetsproblem, då den einskilde eigar sin adgang til å fremja private reguleringsforslag, og retten til å få dei politisk handsama i kommunen, sikrar at den som meiner at han eller ho har fått arealvedtak mot seg, kan få prøvd arealbruksspørsmålet på nytt. Klagar er orientert om denne retten, jf. ovanfor.

I vår sak er pbl. paragraf 11-17, jf. paragraf 1-9, påberopt som grunnlag for klager sitt krav om endring og påfølgande klage.

Kommunen er av den oppfatning at paragraf 11-17 er ein delegasjons- og sakshandsamingsheimel for tilfelle der kommunen har behov for å foreta mindre endringar i arealdelsplanen.

Den er ikkje meint å gje, og gjev heller ikkje, heimel for einskildpersoner til å krevje endringar eller oppheving av planen. Slike eventuelle krav/ønskjer om endring må verta fremja som private reguleringsforslag, jf. ovanfor.

Når klagar likevel fremsetter krav om endring etter paragraf 11-17, vil kommunen si avgjerd om ikkje å etterkomme kravet, ikkje være gjenstand for klage.

Dersom klagar skulle kunne setja fram krav om endring etter 11-17, av plan vedtatt etter 11-15, for deretter å vert gjeve klagerett på kommunen si avgjerd om ikkje å etterkomme kravet, vil dette representera ei omgåing av klageforbodet i paragraf 11-15.

Kommunen er difor av den oppfatning at det fråvær av klageadgang som følgjer av paragraf 11-15, tredje ledd også gjelder kommunen si avgjerd om ikkje å etterkomma krav om endring etter paragraf 11-17. Dette følgjer av samanhengen i lova.

Noko anna vil det vera dersom kommunen treff ei avgjerd om ei mindre endring av planen med heimel i § 11-17. Eit slikt vedtak vil kunne påklagast dersom vedtaket påverkar bestemte eigedomar, og vedkommande eigar har rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningsloven 28, jf. pbl. paragraf 1-9.

Dette er imidlertid ikkje tilfelle i vår sak.

*

Uansett anføres at Lindås kommune sitt brev av 7. mars 2014 ikkje er eit einskildvedtak etter forvaltningslova paragraf 2 første ledd, bokstav a og b, og difor ikkje kan påklagast etter samme lovs paragraf 28, jf. pbl. paragraf 1-9.

Brevet er ikkje ei avgjersle som verken konkret eller generelt er *bestemmande for rettigheter eller plikter for private personer*».

I lova sin ordlyd ligg at det må vera tale om ei avgjersle som på ein eller annan måte endrar rettsstillinga til ein eller fleire private personer, for at vilkåret skal være oppfylt. Det er ikkje tilfelle i vår sak.

Arealdelen av kommuneplanen er vedtatt av kommunestyret 22. september 2011 og såleis bindande for sitt område. Planen er unntatt klagerett og forvaltningsrettsleg uangripeleg for klager. Kommunen si avvisning av klager sitt krav om å foreta endringar i denne planen, endrar ikkje klager sin rettsstilling overhode og beslutningen er difor ikkje eit einskildvedtak etter forvaltningslova paragraf 2 første ledd bokstav a og b.

Det ligg ikkje føre klagerett etter forvaltningslova paragraf 28, jf. pbl. paragraf 1-9, då slik klagerett føreset at det ligg føre eit einskildvedtak.

På denne bakgrunn treffer Lindås kommune følgjande

Vedtak

Med bakgrunn i saksutgreiinga over vert klage av 19. mars 2014 avvist.

Klageadgang/klagefrist

Dette vedtaket kan påklagast til kommunen etter reglane i forvaltningslova paragraf 28. Klagefristen er 3 uker frå mottak av underretning av vedtaket, jf. forvaltningslova paragraf 29.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Det vert gjort merksam på at søksmål om gyldigheten av forvaltningsvedtak eller krav om erstatning som følgje av vedtaket ikkje skal kunne reises utan at adgangen til å klage over vedtaket er benyttet, og at klagen er avgjort av den høyeste klageinstans som står open. Søksmål kan uansett verta reist når det er gått 6 månader frå klage første gang ble framsatt, og det ikke skyldes forsømmelse fra klagerens side at klageinstansens avgjørelse ikke foreligger, jf. forvaltningsloven paragraf 27 b.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Tor Hegle
Einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Trolltinden advokater